



Notat

Dato: 02.05.2019
Arkivsak: 2015/11453-190
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Økonomirapport 1. kvartal 2019

Per 1. kvartal er Fagskolen i Hordaland sitt årsbudsjett som følgjer:

Budsjettpost	Revidert årsbudsjett 2019
Løn og andre kostnader	108 020 940
Statstilskot	-87 844 000
Inntekter fra oppdragsverksemd	-650000
Andre inntekter	-9 345 940
Midlar frå HFK	-10 181 000
Sum	0

Skulen har i 2019 budsjetter med 108 mill. kr i utgifter og tilsvarande beløp i inntekter og fylkeskommunalt tilskot. I tillegg har skulen kr 2 025 600 på disposisjonsfond grunna overskot i 2018.

Per 1. kvartal er Fagskolen i Hordaland sitt rekneskap som følgjer:

Budsjettpost	Rekneskap pr. 1.kvartal inkl. midlar frå HFK
Løn og andre kostnader	31 429 407
Statstilskot	-43 707 000
Inntekter frå oppdragsverksemd	0
Andre inntekter	-4 462 962
Sum før HFK-tilskot	-16 740 555
Midlar frå HFK (periodisert)	-2 776 636
Sum	-19 517 191

Rekneskapet per 1. kvartal viser samla kostnader på kr 31,4 mill., medan summen av statstilskot, andre inntekter og periodisert fylkeskommunalt tilskot samla utgjer kr 50,9 mill. Inntektene er såleis 19,5 mill. kr høgare enn kostnadene per 1. kvartal. Dette skuldast at statstilskotet vert motteke to gongar årleg. I januar fekk skulen alt statstilskot for heile 1. halvår.

Per 1. kvartal er Fagskolen i Hordaland sitt rekneskap per utdanning som følgjer:

Utdanning	Rekneskap pr. 1.kvartal	Tal studentar	Rekneskap pr. student	Merknad
Bygg (Bygg og KEM)	3 877 479	234	16 570	
Lønn og andre kostnader	3 936 938			
Andre inntekter	-59 459			
Anlegg	818 441	50	16 369	
Lønn og andre kostnader	823 452			
Andre inntekter	-5 011			
Dekk	3 748 457	76	49 322	
Lønn og andre kostnader	4 019 963			
Andre inntekter	-271 506			
Elektro (Elkraft og Automatisering)	4 870 548	333	14 626	
Lønn og andre kostnader	5 209 045			
Andre inntekter	-338 497			
Helse	1 142 967	55	20 781	Manglar faktura frå Helse Bergen.
Lønn og andre kostnader	1 210 640			
Andre inntekter	-67 673			
Hjeltnes (Arborist og Lokal matkultur)	833 474	26	32 057	
Lønn og andre kostnader	870 064			
Andre inntekter	-36 590			
Maskin (Maskin, Maskinoffiser og CNC)	4 750 220	183	25 957	Betalt faktura for oppgradering simulator som ikkje er periodisert.
Lønn og andre kostnader	4 882 890			
Andre inntekter	-132 670			
Mesterbrev	96 051	0		Avslutta. Uteståande inntekter på ca. 50 000.
Lønn og andre kostnader	96 051			
Andre inntekter	0			
Petroleum (Boring, Havbunn og Prosess)	3 804 596	100	38 046	
Lønn og andre kostnader	4 251 850			
Andre inntekter	-447 254			
Administrasjon, fagskule felles, IT, Bibliotek, skulelokale og oppdragsverksemd	-40 682 785	1 057		

Lønn og andre kostnader	6 127 581			
Andre inntekter	-3 103 366			
Statstilskot	-43 707 000			
Inntekter frå oppdragsverksemd	0			Fakturert i 2.kvartal.
Sum før midlar frå HFK	-16 740 552	1 057		
Midlar frå HFK	-2 776 636			
Sum etter midlar frå HFK	-19 517 188	1 057		

Statstilskotet er budsjettert på administrasjon og ikkje fordelt på utdanningane.

Per 1. kvartal er Fagskolen i Hordaland sitt avvik som følgjer:

Budsjettpost	Budsjett pr. 1.kv	Rekneskap pr. 1.kv	Avvik
Løn og andre kostnader	29 494 665	31 429 407	-1 934 742
Statstilskot	-42 922 002	-43 707 000	784 998
Inntekter frå oppdragsverksemd	-162 501	0	-162 501
Andre inntekter	-4 060 579	-4 462 962	402 383
Sum før midlar frå HFK	-17 650 417	-16 740 555	-909 862
Midlar frå HFK	-2 776 636	-2 776 636	0
Sum etter midlar frå HFK	-20 427 053	-19 517 191	-909 862

Per 1. kvartal har skulen budsjettert med at inntektene skulle vere 17,6 mill. høgare enn utgiftene før ein tar omsyn til midlane frå HFK. Rekneskapet syner 16,7 mill. kr høgare inntekter enn utgifter, dvs. ein differanse på 0,9 mill. (meirforbruk/mindreinntekt). Hovudårsaken til avviket er eingongsutgifter til simulatoroppgradering som ikkje er periodisert, samt meirutgifter til løn for tilsette på dekksoffiser og maskinoffiser som etter nylege forhandlingar har fått kompensasjon for maritime sertifikat som ikkje er budsjettert. Det er ikkje inntektsført på oppdragsverksemd per 1. kvartal, det er fakturert per 2. kvartal. Skulen forventar å gå i balanse ved årsslutt.